

FRÅVÆRS- og PERMISJONSREGLEMENT FOR NORHEIMSUND FRISKULE

Eit skuleår skal vere på 190 dagar. Sjukdom er i utgangspunktet einaste godkjende fråværsgrunn. Me ønskjer difor at ein planlegg ferieturar og liknande på resterande dagar. Dersom ein likevel må vere borte frå skulen, ber me at rutinane/reglane som står her vert følgde.

1. Fråvær ved sjukdom

Føresette gir melding til kontaktlærer dersom ein elev ikkje kan møte til første time eller blir borte delar eller heile dagen, enten via telefon, SMS eller e-post. Meldinga skal gjevast så tidleg på dagen som mogleg.

2. Anna fråvær

I utgangspunktet er det berre sjukdom som er godkjent fråværsgrunn. I andre særskilte tilfelle kan føresette søkje eleven fri. Det skal og søkjast fri når det gjeld time hos tannlege, lege, spesialist, terapeut og liknande. Udokumentert fråvær kan føre til nedsett ordenskarakter i ungdomsskulen. Stort fråvær kan og føre til at eleven ikkje får standpunktkarakter i fag.

3. Fråvær og vitnemål

Alt fråvær i grunnskulen blir registrert, og fråværet på ungdomsskulen kjem på vitnemålet, jf. forskrift til Friskulelova, § 6-43

«Det skal førast fråvær i dagar og enkelttimar på vitnemålet frå og med 8. trinn. Enkelttimar kan ikkje gjerast om til dagar.»

Ein elev eller foreldra til eleven kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet, dersom dei legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

*Ein elev eller foreldra til eleven kan krevje at **opp til ti** fråværsdagar i løpet av eit skoleår ikkje blir førte på vitnemålet, dersom*

- a. det er dokumentert med legeattest at årsaka til fråværet er sjukdom eller andre helseforhold**
- b. eleven har fått godkjent permisjon etter [privatskolelova § 3-13](#).*

**Fråvær på grunn av sjukdom eller andre helseforhold må ha vart i meir enn tre dagar for ikkje å bli ført på vitnemålet, og det er berre fråværet frå og med den fjerde dagen som kan strykast. Dersom ein elev har ein dokumentert risiko for fråvær på grunn av nedsett funksjonsevne eller kronisk sjukdom, kan fråværet likevel strykast frå og med den første fråværsdagen.*

Privatskolelova § 3-13;

«Skolen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Skolen skal ha retningslinjer om permisjon frå skolen» Sjå retningslinjene i pkt.4 på neste side.

Avgjerd om permisjon er enkeltvedtak, jf. [forvaltningsloven § 2](#). Statsforvaltaren er klageinstans»

4. Permisjonsreglement for Norheimsund Friskule, jf. § 3-13 i Privatskulelova

I opp til ti dagar i løpet av eit skuleår, kan eleven krevje at fråværet ikkje vert ført på vitnemålet. Dette inkluderer langvarig og eller kronisk sjukdom, og andre helseplager. Andre fråværsårsaker som tel med i dei ti dagane, kan vere:

- timar hos tannlege, lege, spesialist, PPT/BUP
- gravferder i nære relasjonar
- viktige familiearrangement
- helgedagar til andre trussamfunn som eleven ev. høyrer til

Alle søknader skal leverast skriftleg/e-post i god tid, og elevane må sjølv ta ansvar for skulearbeidet som skulle vore gjort i fråværsperioden. Det er viktig med god kommunikasjon med skulen om dette.

Kontaktlærar kan innvilge inntil ein dags permisjon. For lengre tidsrom avgjer rektor i samråd med kontaktlærar.

Ein elev kan etter søknad få permisjon frå skulen dersom eleven samla sett får ei opplæring som er forsvarleg, jf. privatskulelova § 3-13. I vurderinga av søknaden vil skulen leggje vekt på følgjande:

- a) Kva som er det beste for eleven og kva eleven sjølv meiner, jf. Privatskulelova § 5A-1 og § 5A-2
- b) Fråværshistorikken til eleven
- c) Den faglege utviklinga hos eleven
- d) Undervisningsopplegg og planlagde vurderingar i permisjonstida
- e) Korleis eleven kan følgje med fagleg, oppfølginga eleven kan få hos foreldra/føresette

Skulen kan ikkje gje permisjon frå skulen i periodar der det er nasjonale prøvar, heildagsprøvar, andre større vurderingssituasjonar og eksamen.

Det er berre inntil 10 fråværsdagar i løpet av eit skuleår som ikkje blir ført på vitnemålet, alt anna fråvær og permisjonar blir ført. Dersom foreldra ber om det, kan årsaka til fråværet bli ført på vitnemålet.

Klage på avgjerda til skulen må sendast til rektor innan tre veker etter at avgjerda til skulen er motteken. Dersom skulen ikkje gjer om vedtaket, vil saka verte sendt til Statsforvaltaren som er endeleg klageinstans.

Reglementet er vedteke i styret for Norheimsund Friskule, 3. desember 2024.